



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:

Dykkar: 66a003b8-bb10-41ed-8d40-f08bce068bb8

Vår: 22/6966 - 22/95523

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:

15.12.2022

Svar på førespurnad om søknadsprosess for brakkerigg - gbnr 212/141 Eikanger øvre

Vi viser til dykkar førespurnad om søknadsprosess for brakkerigg på gbnr 212/141 datert 30.11.2022. Vi har prøvd å nå dykk på telefon utan hell, og forstår av ny e-post datert 15.12.2022 at de ønskjer skriftleg tilbakemelding, eventuelt at det vert halde eit rettleingsmøte.

Først vil vi presisera at kommunen ikkje har avslått søknaden om dispensasjon og tilbygg til brakkerigg, jf. vårt vedtak datert 29.11.2022. Kommunen har avvist søknadane fordi søknadane ikkje var fullstendig/det er søkt på feil grunnlag. Vi har ikkje realitetsbehandla søknadane eller tatt stilling til tiltaka.

Ny søknad må omfatta heile brakkeriggen. Då brakkeriggen allereie har stått i meir enn 2 år kan det ikkje søkjast om forlenging av det mellombelse tiltaket, men det må sendast inn søknad om etablering av permanent tiltak.

Brakkerigg slik det er søkt om er ikkje i samsvar med arealføremålet kombinert byggje- og anleggspåleggsmål, KBA . Det går også fram av føresegnene til planen at det ikkje kan etablerast restaurant, kro eller kiosk i planområdet. Det må derfor søkjast om mellombels dispensasjon frå plangrunnlaget for etablering av brakkerigg. Eit permanent løyve til etablering av brakkerigg vil vera avhengig av at det vert gitt mellombels dispensasjon for den aktuelle perioden brakkeriggen skal stå. Når tidsperioden for mellombels dispensasjon er over vil løyvet til brakkerigg også utgå.

Kor vidt de vil søkja om løyve i eitt-trinn eller delt søknad med rammeløyve og igangsetjingsløyve er opp til dykk. Kommunen kan ikkje gje løyve til tiltak i eitt-trinn før det ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet. Rammeløyve kan gjevast på vilkår av at samtykke ligg føre før igangsetjingsløyve vert gitt. Om det tidsmessig vil vera noko å henta på delt søknad er usikkert så lenge vilkåret om igangsetjing er knytt til samtykke frå Arbeidstilsynet.

Det er viktig for behandlinga av søknaden å få klarlagt bruken av brakkeriggen, om han skal nyttast av arbeidarar som er knytt til arbeidet med opparbeiding av næringsparken, eller om

han skal brukast av arbeidarar frå andre anlegg. Kva verknad dette kan få for utfallet av ein søknad er vanskeleg å seia før vi får avklart bruken av brakkeriggen.

Dersom det er behov for ytterlegare rettleiing i saka må det skje ved bestilling av førehandskonferanse. Vi viser til skjema for bestilling av slik på kommunen sine heimesider.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5

5035

BERGEN